

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås

Emne: Måltider og mat.

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av Martin Toft.

Gard: *Toft*

(adresse): Askelandsvåg

G.nr. 18 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein hadde 5 målter om sumaren: Førebisk, frukost, middag, non og kveldsmat. Om vinteren var ein ikkje så tidleg oppe om morgnane, og hadde ikkje førebisk. No er dei på dei fleste gardane slutta med førebisken om sumaren og då ein er seinare oppe enn før. Førebisken hadde dei i 5 tida om morgonen, frukost i 7 tida, middag i 12 tida, non i 17 tida og kveldsmaten i lo (22) tida. Ein omlag dei same tidene for måltidene no og - berre førebisken går ut.
4. Ein hadde ikkje noko ekstramål ved tresking eller andre arbeid.
5. Det var middagen som var hovudmåltidet sumar som vinter.
6. Middagen og kveldsmaten var oftast varm mat. Middagen varme poteter og til kvælds varm mjølk saman med kald graut "Heta på grauten", sa dei. Dei hadde same maten alle dagane i veka, sundagen undan-teke.
8. Det var ikkje noko skilnad på maten sumar og vetter anna enn dei hadde meir kjøtmålt om vinteren.
9. Om ~~xxxxxx~~ sumaren hadde dei fisk eller sild til middagen alle kvardagane i vika. Det var ikkje noko bestemt, det var fersk sild eller salta sild, fersk fisk eller salta fisk etter som det høvde. Den sakta silda kokte dei

salta brisling undateke - han åt dei i spike. Kjøt hadde dei om sundagane, då kokte dei sodd.

10. Flatbrød hadde ein alltid til middagen. Då laga ein seg bete. Ei husmor rekna seg matlaus om ho ikke hadde flatbrød. Spekeflesk hadde dei ikkje, men det var brislingen dei helst ville ha til flatbrødet.

11. Matsetelen var i gamle dagar den same alle kvardagar, og sundagen mest og. Det var middagen om sundagen som serleg skilde seg ut. Førebisken var kald graut og mjølk, frukosten var det same, middagen poteter og sild, fisk - sundagen kjøt - non var det potete-kaker og mjølk med brim som pålegg på kakene og til kvelds var det "heta mjølk på grauten. Om sumaren var mjølka oftaste sur og kald den dei fekk att åt grauten, om vinteren kokte dei ho opp og laga dravle av ho både om kveldén og morgonen.

12. Matsetelen i dag hjå ein vanleg gardbrukar er heilt ein annan:

	Frukost. Før. Potetekaker, Sundag: varm mjølk eller dravle. Pålegg	Middag. Non. Skrel- te poteter smør og pølsa.	KveKveld. Lik fru- kost. Kaffivarm mjølk saman.	Graut og kjøt kokt istaden for mjølk. dravle.
No: Brød og kaf- fi, egg. Pålegg smør, ost eller pølsa.	Poteter og kjøt desert.	Småkaker og kaffi.	Brød og te. Pålegg	Brød og te. Pålegg det same som frukost.
Mandag Før: Graut og mjølk	Poteter og fisk Flatbrød og sur mjølk.	Potekaker og mjølk (el. på grauten kaffi) Pålegg brim.	Marm mjølk Vanleg på- legg.	
No: Brød og kaf- fi. Pålegg er smør, ost	Poteter og fisk, flatbrød og smør. Desert.	Brød og kaffi. Vanleg pålegg.	Brød og te. Vanleg på- legg.	

Tysdag. Før: Som mandag. Poteter og sild, Som mandag. Som mandag. Som mandag.
No: Som mandag. flatbrød og sur Som mandag Som mandag.
mjølk, Supa.

Onsdag. Før:
No: Som mandag. Som kvaruagane Som kvardag. Som kvardag
Raspebollar med Som kvardag. " "
kjøt eller flesk

Frukost som Middag Non som Kveld som
Torsdag før:kvardag. som kvard. kvardag. kvardag.

No:Som kvardag. Som kvard. Som kv.d. Som kv.d.

Fredag før:Alle måltid som kvardagane elles

No:Alle måltida som kvardagane, middagen undteke -
Ein har sodd med bygg-gryn eller erter til.kjøt
eller flesk.

Laurdag:før:Alle måltid lik kvardag, laurdagskvelden unda-
teke.Då hadde ein kaker istaden for graut.

No:Alle måltid likesom kvardag, middagen undateke.
Ein har risengryngraut til middag.

Ein kan leggja til at mange no har havregrynsgraut om
kveldane i staden for teog brød.Då matlista no kan vera
ulik i dei ymse husstandar, er det vanskeleg å setja opp
ei matliste.

13. Det er rjomegrauten som er serleg omtykt i bygda. Det
kokar dei når ein er ferdig med slåtten, når ei har årmåls-
gilde, når serlege vyrde gjestar kjem til gards, når ein
skal til grannekona med sengekonemat i brudlaup og gravferd.

14. Ein veit ikkje noko mat dei et andre stader som dei
vanakta her, det kan einast vera skata, som dei skal eta
oppe i Nordland - i allefall før i tida.

15. Maten er på bygdene her den same etter krigen som før.
einast kan vera at dei kjøper og bakar meir brød. Før
krigen laga dei mykje potetekaker. Dei åt dei seg leie på
under krigen, så no får du ikkje ei potetekaka "om du gret."

-----o o-----

5226

NORRK ETHNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK TIDSSKRIFT